

NOTAT OPPSTARTSMØTE – OMRÅDEREGULERING HOLMANESET

1 Oppmøte

Planoppstartsmøtet er basert på planinitiativ motteke av kommunen:		25.01.2023
Møtestad:	Rådhuset, Svelgen	Møtedato: 06.02.2023
Deltakarar frå forslagsstillar: Maren Stanghov Thorstensen Line Lian Tore Bakken Horne Kristian Marcussen Stian Carl Erichsen Ole Klingsheim		Deltakarar frå kommunen: Inger Hilde, arealplanleggjar Magnhild Myklebust, leiar planavd.
Tiltakshavar:	Fortescue Future Industries AS / Bremanger kommune	
Grunneigar:	Fortescue Future Industries AS (FFI)	
Plankonsulent:	Henning Larsen (HL)/ Rambøll	
Andre:	Norconsult	

2 Saksnummer og plan-ID

Arkivsaknr.:	23/96
Plan-ID:	4648.202301

3 Føremål med planarbeidet

Forslagsstillar sitt føremål med planen/planendringa (bakgrunn og formål):	
Legge til rette for produksjon av grønt hydrogen og grønn ammoniakk. Området er foreslått regulert til næringsformål med underformål industri. Nær tilgrensande sjøareal vil bli inkludert i planen som kai og hamneområde i sjø, og det vil vere behov for ny tilkomst til området frå fv. 614.	
Innspel frå kommunen:	
Forslagsstillar sitt forslag til planavgrensing:	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
Jf. «Anmodning om oppstart Områderegulering Holmaneset»	
Innspel frå kommunen:	Vurdere utviding av planområdet dersom behov.
Forslagsstillar sitt forslag til plannamn:	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
Innspel frå kommunen:	Områderegulering Holmaneset

4 Planstatus i området

Arealbruk i planområdet er regulert av:
<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplanen sin arealdel <input type="checkbox"/> Områderegulering (pbl § 12-2) <input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering (pbl § 12-3) <input type="checkbox"/> Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre) <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov (pbl85 eller eldre)

Tilhøvet til andre planar:
<input checked="" type="checkbox"/> Planen vil heilt erstatte følgjande planar: <input type="checkbox"/>Ikkje relevant
Holmaneset næringsområde, planid. 2010.01
<input checked="" type="checkbox"/> Planen vil delvis grense til følgjande planar: <input type="checkbox"/>Ikkje relevant
Reguleringsplan Tretteskjervika, planid. 1989.01
<input checked="" type="checkbox"/> Kommunen kjenner ikkje til anna planarbeid i området <input type="checkbox"/> Kommunen kjenner til følgjande planarbeid i området:

5 Type plan som er tenkt utarbeidd

Reguleringsplan etter plan- og bygningslova:		
<input checked="" type="checkbox"/> Områderegulering <input type="checkbox"/> Detaljregulering Endring av: <input type="checkbox"/> Områderegulering <input checked="" type="checkbox"/> Detaljregulering <input type="checkbox"/> Reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov <input type="checkbox"/> Utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov		
Mindre endring av:	Plankartet	Føresegnene
<input type="checkbox"/> Mindre endring av områderegulering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av detaljregulering	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av reguleringsplan etter eldre plan- og bygningslov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
<input type="checkbox"/> Mindre endring av utbyggingsplan etter eldre plan- og bygningslov	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Ved endring av reguleringsplan gjeld same reglar som for utarbeiding av ny plan, jf. pbl. § 12-14. Ved endring av eldre planar må planen oppdaterast i tråd med ny planlov.

NB! Ved mindre endring vil berre delar av punkt 6 til 12 vere relevant. Ei mindre endring av reguleringsplan inneber ein enklare planprosess og ei lita justering av plankart og/eller føresegner.

6 Tilhøvet til overordna plan

Samsvar med overordna plan:			
Planformålet samsvarar med overordna plan Innspel frå kommunen:	<input checked="" type="checkbox"/> Ja	<input checked="" type="checkbox"/> Nei	<input type="checkbox"/> Ikkje relevant
Delvis i samsvar med overordna plan, vestleg del av planområdet er LNF/Friluftsområde i sjø i arealplan.			

Innhaldet i private detaljreguleringsplanforslag må følgje opp hovudtrekk og rammer i kommuneplanens arealdel og områderegulering. Ved vesentlege avvik gjeld krava i pbl. §§ 4-1 og 4-2 andre ledd. (jf. pbl. § 12-3)

7 Krav om planprogram og konsekvensutgreiing

Avklaring av behov for planprogram og/eller konsekvensutgreiing:	
<input type="checkbox"/>	Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyer krav om konsekvensutgreiing , jf. pbl. § 4-2. Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta § 3.
<input type="checkbox"/>	Det må utførast ei nærare vurdering av om planen vil få vesentlege verknadar for miljø og samfunn og dermed utløyer krav om planprogram , jf. pbl. § 4-1. Denne vurderinga skal utførast i tråd med konsekvensutgreiingsforskrifta <u>vedlegg 3</u> .
<input checked="" type="checkbox"/>	Planen utløyer krav om planprogram , jf. pbl. § 4-1.
<input checked="" type="checkbox"/>	Planen utløyer krav om konsekvensutgreiing , jf. pbl § 4-2 og KU-forskrifta § 2.
<input type="checkbox"/>	Ikkje relevant, jf. punkt 6.
Innspel frå kommunen:	

Krav til planprosess og innhald i reguleringsplanen vil bli påverka dersom det er krav om nærare vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, krav om planprogram eller krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering etter konsekvensutgreiingsforskrifta § 3:

Forslagsstillar har ansvaret for å utføre ei vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn. Kommunen har ansvar for å ta stilling til om planen kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, dette vert som regel avklart i etterkant av førehandskonferansen. Enten planen får vesentlege verknadar eller ikkje, skal dette grunnleggjast og gå fram av varsel om oppstart av planarbeidet. Forslagsstillar kan ikkje varsle oppstart før kommunen har teke stilling til dette spørsmålet. (Jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 4)

8 Viktige tema for denne planen

Generelt

Generelle vurderingar (hovudintrykk av planarbeidet) Området er disponert til industri, men planlagt industriareal går utover tidlegare regulerte rammer. Kvalitetar/interesser som blir råka av utviding må utgreiast/vurderast.

Føremål (er areal og lokalisering eigna for føremålet?)

I utgangspunktet er arealet og lokaliseringa eigna for føremålet.

Planområdet

Generelle vurderingar (framtidig utvikling av området, infrastruktur, grønstruktur, senterområde, områderegulering) Heile området er tenkt nytta til industriføremål, med tilhøyrande kaianlegg og tilkomst frå fylkesvegen (industri, infrastruktur).

Alternativ (tilkomst, føremål, bygnadsstruktur, lokalisering)

Området er valt ut på grunn av tilgang til kraft, tilgang på areal, eigna utskipingsstad, avstand til naboar. Lokaliseringsvurdering som er gjennomført i tidleg fase i prosjektet kan nyttast til alternativvurderingar i planen, spesielt vurderingar gjort innan Bremanger kommune.

Plantema

I dei tre kolonnane under «Aktualitet» har vi sett opp ei stigande gradering frå 1-3 på dei ulike undertema, der 1 betyr «Ikkje aktuelt» 2 «Aktuelt» og 3 «Svært aktuelt».

Bygnad og bygnadsstruktur	Aktualitet			Merknad
	1	2	3	
Bygnad og byform	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Arkitektur, estetikk og kvalitet (form, struktur, funksjon, uttrykk, tilhøvet til staden, landskapet og strøkskarakteren)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Tilpassing til landskap (utforming, fargeval)
Bygnadsstruktur	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Utnyttingsgrad og byggehøgder (gjeldande planar, presedens) Om ein ønskjer detaljerte føresegner knytt til takvinkel, storleik, utsjånad, høgde og liknande bør desse ta høgde for framtidige endringar.	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Bør vere høg utnytting av området. Tankar med stor høgde må plasserast nær kai/utskipingsområde, men elles bør avtrapping av byggjehøgde mot sjø vurderast.

Fjernverknad (plassering i terreng, terrengformasjonar)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Plankonsulent vil lage enkel 3D-modell for visualisering. Aktuelle visualiseringspunkt vil vere frå sjøen frå vest og aust, frå Dyrstad-sida, evt frå Gulebrystet.
Lokalklima (vind, sol, terrengdrag)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Hamneforhold. Vind påverkar spreing/omsynssoner.
Energiløysingar (fjernvarme, passivhus, plusshus, takform, beliggenheit)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Energiutnytting. Bruk av overskotsvarme bør utgreiast.

Grønstruktur og landskap	Aktualitet			Merknad
	1	2	3	
Landbruk (areal i drift, kjerneområde, potensial)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Biologisk mangfald (skal kommenterast i alle saker, jf naturmangfaldlova)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Spesielt marine naturtypar (ålegraseng og blautbotnområde i strandsona).
Grønstruktur	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Tilpassast
Friluftsliv (dagens bruk, potensial, stiar, grøntkorridor)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Båtutfart, dykking Holmane. Registrert friluftslivsområde Holmane, ID FK00041674. Tursti aust for planområdet, tilkomst til viktig friluftsområde Gulebrystet-Rikeloftet, ID FK00041668 sør for planområdet.
Landskap (naturlandskap, hovuddrag, fjernverknad)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Plankonsulent vil lage enkel 3D-modell for visualisering. Aktuelle visualiseringspunkt vil vere frå sjøen frå vest og aust, frå Dyrstad-sida, evt frå Gulebrystet.
Terrengbehandling og massebalanse	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Plassering av reinskemasse (jord og vegetasjon frå planområdet) må avklarast, både mellombels og permanent. (Mengde, areal for plassering, utforming av fyllingar).
Uteopphaldsareal (felles, privat, mengde, areal, kvalitet, plassering i feltet)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	

Samferdsle	Aktuelt			Merknad
	1	2	3	
Trafikk (sikkerheit, framkome, vegstandard, tilkomst, stigning, tilgjenge til kollektivtransport)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Parkering (behov, kommunal norm, kantparkering, soneparkering, kommunale parkeringskrav)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Nødvendig parkering knytt til føremålet.
Gang- og sykkeltrafikk (skuleveg, snarvegar, tverrsnitt, sykkelparkering)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Gang- og sykkeltilkomst til arbeidsplassar. Ca 5 km til Svelgen og ca 3 km til byggjefelt Sandvika. Aktuelt å vise gang- og sykkelveg innanfor planområdet. Elles evt vise som juridisk line i KPA.

Born og unge	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Skule og barnehage (tiltakets verknad på kapasitet)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	God kapasitet i skule/barnehage
Born og unges interesser (barnetråkk, dagens bruk, potensial, erstatningsareal) (NB! skal kommenterast i alle saker)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Mindre aktuelt pga lite busetnad i nærområdet. Gjeld i hovudsak påverknad på friluftsliv/båtutfart

Verneverdige kulturminne	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kulturminne (enkeltobjekt, bygningar, anlegg, steingard, vegfar, teknisk, industrielt, automatisk freda)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Bergen sjøfartsmuseum melde til planarbeidet i 2009 at området ikkje var prioritert for marinarkeologi, og lite truleg har marine kulturminne. Generell aktsemdsplikt. Plankonsulent vil ta kontakt med Vestland fylkeskommune/Bergen sjøfartsmuseum for å avklare evt behov for arkeologiske registreringar på land og i sjø.
Kulturmiljø (der kulturminne inngår i ein større heilskap, bygningsmiljø)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Kulturlandskap	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Risiko og sårbarheit	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Risiko og sårbarheit (særlege ROS-tema, sjå FK rettleiar for utarbeiding av reguleringsplan)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Brann- og eksplosjonsfare. Verksemda blir storulukkeverksemd pga lager av hydrogen/ammoniakk. Også lokalisert storulukkeverksemd, Forcit, på gbnr. 40/6 aust for planområdet. Skipstrafikk til/frå anlegget
Forureining (luft, grunn, vatn)(gjeldande forskrifter må leggjast til grunn)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Støy (sone, type, skjerming)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	
Geotekniske tilhøve (ras, skred, fundamentering)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Grunnundersøkingar er sett igong. Behov for reell skredfarevurdering.
Flaum (lavtliggande område, elv /bekkefar)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Stormflo
Lokalklima	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Relevant for hamn/utskipping

Nærmiljø	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Nabotilhøve (sol, utsikt, innsyn)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Tryggleikssoner
Levekår (storleik på leilegheiter, bukvalitet, minimumsløysingar, avbøtande tiltak)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Tilføre nærmiljøet nye / betre kvalitetar (mangelfulle kvalitetar, grønstruktur, gang- og sykkeltilknytning, støyskjerming, trafiksikkerheit)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Bygge- og anleggsperioden (støy, trafiksikkerheit, riggområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Trafikktryggleik fylkesveg 614.

Helse	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Universell utforming (Stigning, tilpassa bueiningar)(krava i TEK10 og Norsk standard gjeld)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Relevant for kontorarbeidsplassar

Kriminalitetsførebyggande omsyn (potensielle gjerningsstader, lyssetjing, oversiktlege og inkluderande bumiljø,)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	
Folkehelse (beskytte mot risikofaktorar og fremme faktorar som verkar positivt på helse og livskvalitet, motverke helseskilnader)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Faktorar som påverkar folkehelse vil vere påverknad på friluftsliv, risiko knytt til brann- og eksplosjonsfare, høve til gang- og sykkeltilkomst.

Sjø og vassdrag	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vassdrag (byggegrense, bekk / elv, nedslagsfelt)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Overflatevatn må ivaretakast.
Sjø (byggegrense)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Landskap/utforming. Stormflo.
Sjøfront (offentleg tilgang, minimum byggehøgde)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Landskap/utforming, byggehøgde i høve stormflo. Allmenn tilgang er ikkje aktuelt.

Kommunaltekniske anlegg	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Vatn og avløp, overvasshandtering	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Drikkevassforsyning, avløpsanlegg, overvasshandtering må avklarast.
Renovasjon (teknisk løysing, lokalisering)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Løysbart.
Kommunal overtaking tekniske anlegg	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Reguleringsføresegner	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Rekkefølgekrav (aktuelle, sannsynlege)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Ivareta dei mest verdifulle områda ved ei eventuell seinare trinnvis utbygging. Utbygging frå aust.
Utbyggingsavtalar (pågåande arbeid)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	

Kart	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Kartgrunnlag (koter, eigedomsgrenser, bygnad)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	OK
Eigedomstilhøve (uklare grenser, eigartilhøve, kartforretning) Eventuell naudsynt justering av eigedomsgrenser bør skje i løpet av planprosessen	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Ikkje koordinatfesta grenser mot aust eller vest, eller mot fylkesvegen.
Planavgrensing (tilgrensande planar, vegar, vegkryss, ubygde tomter, heile delområde)	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Gang- og sykkelveg. Avklaring med Vestland fylkeskommune i høve vegekryss/-omlegging. Evt areal til synergi-næringsverksemd.

Prosess	Aktuelt		Merknad
	Ja	Nei	
Behov for tiltak utover lovens minstekrav (høyringsinstansar, interessegrupper, infomøte eller annan medverknad)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Ikkje ut frå det vi kjenner til no. Behov for infomøte ved ettersyn av planprogram og ved utlagt planforslag til offentleg ettersyn.
Undervegsmøte	<input checked="" type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Løpande dialog og møter undervegs i planprosessen, jf. forslag til framdriftsplan frå HL.
Parallell sakshandsaming (jf. pbl §§ 1-7, 12-15 og 21-4)	<input type="checkbox"/>	<input checked="" type="checkbox"/>	Parallell sakshandsaming av områderegulering og arealdelen til kommuneplan. Drøfta behov for krav om detaljregulering for industriføremål. Avheng av kor mykje detaljar som er avklara før vedtak av plan.

Forslagsstillar er gjort kjend med kva krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar kommunen set for det vidare planarbeidet. Spesielle krav til kunnskapsgrunnlag og utgreiingar:
Forslagsstillar har gjort vurderingar og sett igong ein del undersøkingar/utgreiingar på førehand.
<input checked="" type="checkbox"/> Forslagsstillar har fått følgjande råd til planarbeidet:
Vurdere utvidingar av planområdet.
<input checked="" type="checkbox"/> I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon til forslagsstillar om viktige tema for denne planen. T.d. link til fagsider om ulike tema. Informasjon og kontaktinformasjon til Forcitanlegg.

9 Andre tilhøve

Tilhøvet mellom plan og offentlege anlegg:
<input type="checkbox"/> Tiltaket føreset utbygging / utbetring av det kommunaltekniske anlegget <input type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om utbyggingsavtale <input checked="" type="checkbox"/> Ikkje relevant Innspel frå kommunen:
Avkøyrsløse frå FV614 og eventuell regulering av gang- og sykkelveg innanfor planområdet må avklarast med Vestland fylkeskommune.

Tilhøvet mellom plan og eigedomsgrenser / kartgrunnlag:
<input type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om ny kartlegging i området <input type="checkbox"/> Tiltaket utløyser krav om klarlegging av eigedomsgrenser <input checked="" type="checkbox"/> Kart er av tilstrekkeleg kvalitet <input type="checkbox"/> Eigedomsgrenser er av tilstrekkeleg kvalitet <input type="checkbox"/> Ikkje relevant Innspel frå kommunen:
Eigedomsgrenser har låg nøyaktigheit (2 m nøyaktigheit mot aust og vest, kun hjelpeline mot fylkesveg). Kommunen set ikkje krav om klarlegging, men kan vere relevant for tiltakshavar.

10 Medverknad

<input type="checkbox"/> I etterkant av møtet sender kommunen utfyllande informasjon om viktige interessentar i plansaka til forslagsstillar. Døme på viktige interessentar er offentlege instansar, lokale instansar, kommunale instansar, grunneigarar, andre rettslege heimelshavarar, eventuelt naboar og andre. Innspel frå kommunen:
Informasjonsmøte/folkemøte etter oppstartsvarsel/høyring av planprogram og ved høyring av planforslag. Ta opp plansaka i fylkeskommunalt planforum (dialog med statsforvaltar, fylkeskommune, NVE, vegvesen etc).

11 Oppstart av planarbeid – tilråding frå kommunen

<input checked="" type="checkbox"/> Kommunen tilrår oppstart av planarbeidet under føresetnadane som er nemnt i notatet. Kommunen har følgjande råd til det vidare planarbeidet: Oppstart av områderegulering er vedteke av formannskapet 02.02.2023 sak FSK-10/23.
<input type="checkbox"/> Kommunen tilrår ikkje oppstart av planarbeidet. Grunngeving frå kommunen:

12 Krav til utkast til plan

Kommunen vil sjekke om utkast til plan er av god nok kvalitet til å ta opp til vidare politisk handsaming. Det er ikkje kommunen si oppgåve å oppgradere eit for dårleg utkast til god nok kvalitet. Om den ikkje stettar krava til kvalitet vil tiltakshavar sin konsulent få attendemelding om å utbetre manglar i utkastet.

Kommunen har ikkje eigen kravspesifikasjon. Viser til kart- og planforskrifta og nasjonale produktspesifikasjoner for arealplan og digitalt planregister (NPAD). Planprogram, planomtale og føresegner må vere på nynorsk. Ikkje eit krav for utgreiingar og andre plandokument.

13 Gebyr i plansaker

Forslagsstillar er gjort kjend med kommunale handsamingsgebyr, og med tidspunkt for fakturering. Kommunale handsamingsgebyr skal sendast til:

Ikkje relevant. Samarbeidsavtale om områderegulering.

14 Andre tema

Planforum – det vart konkludert med at ein ynskjer møtetid i planforum både før utlegging av planprogram og før utlegging av planforslag (28.03.2023 og 13.06.2023).

Varsel om planoppstart – kommunen sender ut varsel om planoppstart/høyring av planprogram og tek imot innspel/merknader. HL hjelper evt med tekst/grunnlagsmateriale til utlysinga og vurdering av innspel/merknader.

Planavgrensing i høve fylkesveg – kommunen tek kontakt med Vestland fylkeskommune for ei foreløpig vurdering av utstrekninga av planområdet i høve til fylkesvegen.

Kommunen tek atterhald om at det kan komme til andre faktorar/tema som må takast omsyn til undervegs i planarbeidet.

Tilgang til materiell – kommunen må revidere KU for Holmaneset i arealdelen til kommuneplanen (KPA). Førebelse teikningar/skisser er relevante for å synleggjere behovet for areal. Lokalitetsvurderingar er også relevante for alternativsvurderinga som kommunen må gjere i KPA.

Samarbeidsavtale om områdereguleringa er godkjent av formannskapet, og blir sendt FFI til signatur.

Tilføyingar etter møtet:

Planforum - Kommunen har meldt inn møtedatoar og at det vil vere behov for deltaking frå Vestland fylkeskommune (plan, kultur, veg), Statsforvaltaren (plan, miljø, beredskap), Statens vegvesen, NVE, fiskeridirektoratet og Kystverket. Vestland fylkeskommune har stadfesta at vi får møte i planforum både 28.3 og 13.6.

Innspel frå FSK i møtet 02.02.2023 om å vurdere å innlemme hyttetomt vest for planområdet – evt utviding av planområdet for å få med den aktuelle hyttetomten (festetomt 41/1/2) må vere viss det er eit reelt behov for utvida næringsareal. Viss ikkje vurderer kommunen det som tilstrekkeleg at FFI har dialog med festar om løysing, evt intensjonsavtale. Dette er også meldt i telefonsamtale med Ole Klingsheim 13.02.2023.

14 Stadfesting

Notatet frå førehandskonferansen skal hjelpe fagkyndig plankonsulent i å utarbeide eit planforslag i tråd med kommunen sine forventningar. Verken førehandskonferansen eller notatet gjev rettar ved vidare handsaming av plansaka.

Svelgen, 13.02.2023

Magnhild Myklebust
Leiar plan og forvaltning
Bremanger kommune

Inger Hilde
Arealplanleggjar
Bremanger kommune

Vedlegg:

Førebels framdriftsplan for planarbeidet v. 5-45 «Fremdriftsplan oppstartsmøte», HL